



Utval: Formannskapet
Møtestad: SIM, Svartasmoget
Dato: 22.04.2015
Tid: 14:00 – 18:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Reprenterer
Wenche Tislevoll	Ordførar	H
Agnar Aarskog	Varaordførar	AP
Arne Prestbø	Medlem	H
Harald Rydland	Medlem	KRF
Lars Ove Rimmereid	Medlem	SP

Forfall:

Namn	Funksjon	Reprenterer
------	----------	-------------

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Reprenterer
Dagfinn Brekke (i sakene PS 24/15 og PS 28/15)	Harald Rydland	KRF

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Atle Tornes	Rådmann
Andreas Moe Larsen	Ass. rådmann
Trond Salmo	Økonomisjef
Anne Berit Hovstad Johansen	Helse- og sosialsjef
Bente Fitjar	Møtesekretær

Wenche Tislevoll
Ordførar

Agnar Aarskog

Arne Prestbø

Bente Fitjar
møtesekretær

Saksnr	Innhald	Lukket
PS 21/15	Godkjenning av protokoll	
PS 22/15	Val av medlemmer og varamedlemmer til styret i SIM	
PS 23/15	Eigarmøte SIM IKS	
PS 24/15	Avtalar om overdraging av areal mellom Fitjar Sokn og Fitjar kommune	
PS 25/15	Skipingsmøte "Kongsgarden - historisk formidlingssenter"	
PS 26/15	Søknad om tilskot til Fitjarfestivalen 2015	
PS 27/15	Ymse	
PS 28/15	Meldingar	

Møtet vart innleia med eigarmøte i SIM. Ordinært formannskapsmøte tok til kl. 15:30.

Innkalling og sakliste godkjent utan merknader.

PS 21/15 Godkjenning av protokoll

Framlegg til vedtak:

Formannskapet godkjenner protokoll frå møte 25.03.2015.

Behandling i Formannskapet - 22.04.2015:

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 22/15 Val av medlemmer og varamedlemmer til styret i SIM

Framlegg til tilråding til formannskapet:

Saka vert lagt føre valnemnda for vidare tilråding til formannskapet utan framlegg.

Behandling i Valnemnd - 13.04.2015:

Representanten Wenche Tislevoll (H) kom med slikt framlegg på vegne av H og AP:

Rune Sandvik som styrerepresentant

Vigdis Røen Leirvik som vararepresentant

Representanten Lars Ove Rimmereid (SP) kom med slikt framlegg på vegne av SP, KrF og FrP:

Sigurd Andre Maraas som styrerepresentant

Karen Elisabeth Sæbø Rydland som vararepresentant.

Røysting:

Framlegg frå Wenche Tislevoll fekk 2 røyster - H og AP

Framlegg frå Lars Ove Rimmereid fekk 2 røyster - SP og FrP

Det ligg etter dette føre slik;

Tilråding til formannskapet:

Tilråding frå H og AP

Rune Sandvik som styrerepresentant

Vigdis Røen Leirvik som vararepresentant

Tilråding frå SP, KrF og FrP

Sigurd Andre Maraas som styrerepresentant

Karen Elisabet Sæbø Rydland som vararepresentant.

Behandling i Formannskapet - 22.04.2015:

Ordførar Wenche Tislevoll (H) orienterte om bakgrunn for saka.

Representanten Lars Ove Rimmereid (SP) ba om ei grundigare utgreiing av arbeidet i valnemnda. Ordføraren gjorde greie for arbeidet i forkant av møte i valnemnda. Formannskapet drøfta saka.

Ved røysting fekk H og AP sitt framlegg 3 røyster (H og AP), framlegg frå SP, KRF og FRP fekk 2 røyster (KRF og SP) og fall.

Det ligg etter dette føre slikt;

Vedtak: (3 (H og AP) mot 2 (KRF og SP) røyster)

Rune Sandvik som styrerepresentant

Vigdis Røen Leirvik som vararepresentant

PS 23/15 Eigarmøte SIM IKS

Framlegg til vedtak/tilråding:

Formannskapet tek orienteringa frå selskapet til vitande.

Formannskapet vil peika på fylgjande moment som vert å ta opp i representantskapet:

Eventuelt definerast i møtet:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera fylgjande vedtak:

Kommunestyret tek årsmelding, rekneskap og saker til representantskapet for SIM IKS til vitande.

Behandling i Formannskapet - 22.04.2015:

Vedtak/tilråding:

Formannskapet tek orienteringa frå selskapet til vitande.

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera fylgjande vedtak:

Kommunestyret tek årsmelding, rekneskap og saker til representantskapet for SIM IKS til vitande.

PS 24/15 Avtalar om overdraging av areal mellom Fitjar Sokn og Fitjar kommune

Framlegg til tilråding:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera fylgjande vedtak:
Fitjar kommunestyre godkjenner avtalane mellom Fitjar Sokn og kommunen, og gir ordførar fullmakt til å overdra Gnr. 65 bnr. 340, til Fitjar Sokn som omtalt i saka.

Behandling i Formannskapet - 22.04.2015:

Representanten Harald Rydland (KRF) meldte seg ugild i saka, då han er sakshandsamar for soknerådet i denne saka. Representanten Dagfinn Brekke (KRF) møtte for han.

Kart i saka vart sendt medlemene på iPad same dag.

Rådmann Atle Tornes orienterte om saka.

Tilråding: (Samrøystes)

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera fylgjande vedtak:
Fitjar kommunestyre godkjenner avtalane mellom Fitjar Sokn og kommunen, og gir ordførar fullmakt til å overdra Gnr. 65 bnr. 340, til Fitjar Sokn som omtalt i saka.

PS 25/15 Skipingsmøte "Kongsgarden - historisk formidlingssenter"

Framlegg til vedtak/tilråding:

Formannskapet rår Fitjar kommune til å vera med å stifta foreininga «Kongsgarden – historisk formidlingssenter»
Formannskapet ber om at kommunen blir representert i arbeidsgruppa.

Behandling i Formannskapet - 22.04.2015:

Formannskapet drøfta saka.

Vedtak: (Samrøystes)

Formannskapet rår Fitjar kommune til å vera med og stifta foreininga «Kongsgarden – historisk formidlingssenter»
Formannskapet ber om at kommunen blir representert i arbeidsgruppa.

PS 26/15 Søknad om tilskot til Fitjarfestivalen 2015

Framlegg til vedtak/tilråding:

Saka blir lagt fram utan tilråding.

Behandling i Formannskapet - 22.04.2015:

Formannskapet drøfta saka. Fitjarfestivalen er eit positivt og viktig arrangement i bygda. Etter spørsmål frå ordførar Wenche Tislevoll (H) orienterte rådmann Atle Tornes om økonomien innan kultursektoren.

Framlegg til vedtak frå representanten Harald Rydland (KRF):

Fitjar kommune støttar Fitjarfestivalen med kr. 50.000. Summen blir å ta av tilleggsøyvinga.

Framlegg til vedtak frå representanten Agnar Aarskog (AP):
Fitjar kommune støttar Fitjarfestivalen med kr. 25.000. Summen blir å ta av tilleggsøyvinga.

Ved røysting fekk framlegget frå Agnar Aarskog (AP) 3 røyster (H og AP), framlegget frå Harald Rydland (KRF) fekk 2 røyster (KRF og SP) og fall.

Det ligg etter dette føre slikt;

Vedtak: (3 (H og AP) mot 2 (KRF og SP)

Fitjar kommune støttar Fitjarfestivalen med kr. 25.000. Summen blir å ta av tilleggsøyvinga.

PS 27/15 Ymse

Behandling i Formannskapet - 22.04.2015:

Orienteringar frå helse- og sosialsjef Anne Berit Hovstad Johansen:

Fitjar kommune har saman med NAV Fitjar søkt om midlar innafor tilskotsordninga «Kommunalt rusarbeid». Søknaden var vinkla mot tettare oppfølging av dei unge i målgruppa og dei unge som er på sosialhjelp, for ved tettare oppfølging få dei ut av sosialhjelp og over i arbeid/utdanning. Dette i tillegg og samarbeid med NAV stat som har særskilt fokus og arbeid for ungdom. Arbeidet med ungdom vert såleis styrka.

Fylkesmannen som forvaltar ordninga, har innvilga oss midlar til ei stilling, kr. 560 000 for 2015. Stillinga vert lyst ut då me ikkje har ledige folk til å tre inn her. NAV og kommunen søkte og om midlar til auka aktivitet for rusgruppa, og fekk tildelt kr. 200 000.

Kommunen har i 3 år og fått midlar til å styrke helsestasjon, på søknader til Helsedirektoratet innafor eigne postar i statsbudsjettet. Me har fått kr. 300.000 til særleg å styrke arbeidet på vidaregåande skular for å vera meir tilgjengelege. Grunna svangerskapspermisjonar og vikarkabal er ein usikre på korleis me skal bruke dei i dag. Det vart arbeidd med saka.

Kommunen vil og søkje midlar frå Kompetanseløftet der ein siste åra har fått midlar til å dekkja opp deler av vidareutdanning. Me vil søkje for dei utdanningsløpa som er i gong. I tillegg vil me prøve å få til samarbeid med Stord og søkje midlar til undervisningsopplegg for tilsette i omsorg innafor høgaktuelle tema for å auke kompetansen. Ordninga er elles lagt veldig om, det skal framover vera meir fokus på innovasjon og forskning, men det er lagt veldig lite meir midlar i ordninga.

Spørsmål frå representanten Lars Ove Rimmereid (SP):

Har kommunen plan for opprydding i eigen skog etter stormane i haust/vinter? Ordførar tar spørsmålet vidare til skogkonsulent Ole Kristian Trondsen.

Innspelet frå representanten Harald Rydland (KRF):

Kan det setjast opp eit ekstra møte i kommunestyret, i høve drøfting av kommunereforma? Formannskapet drøfta innspelet. Ordførar og rådmann vurderer innspelet mot andre møte og saker som skal handsamast - kjem med snarleg tilbakemelding til politikarane.

Spørsmål frå representanten Arne Prestbø (H):

- Vedk. Håkonar næringspark – kan næringssjefen senda eit utspel til grunneigarar i området om opprydding, det har samla seg ein del boss. Ordføraren tek det vidare.

- E 39 – brukryssing. Kommunestyret har gjort prinsippvedtak om å selja aksjar i Sunnhordlandsambandet. Kan dette vedtaket formidlast ut, f.eks. via media, for å gjera tydeleg Fitjar kommune sin ståstad i denne saka? Formannskapet drøfta kva signal kommunen skal gi.

Orienteringar frå ordførar Wenche Tislevoll (H):

Fitjar kommune er invitert til dialogmøte hos Skyss 5. mai. Ordførar Wenche Tislevoll og skulesjef John Karsten Raunholm møter.

Det blir oppgradering av uteområde/bed rundt rådhuset som oppfølging etter ombygginga. Gamle Fitjar Tinghus er oppdragsgjevar. Tek sikte på at arbeidet er ferdig før 17. mai.

Ordføraren reiser på landsmøte for Høgre på Gardermoen 24.-26. april.

PS 28/15 Meldingar

Framlegg til vedtak:

Formannskapet tek meldings sakene til vitande.

Behandling i Formannskapet - 22.04.2015:

Representanten Harald Rydland (KRF) gjekk frå møtet. Representanten Dagfinn Brekke (KRF) møtte som vara.

Meldt i møtet:

- Skatteinngang mars 2015 – orientering av rådmann Atle Tornes
- Brev til Statens vegvesen, dat. 26.03.15
- Notat ang. reguleringsplan for vegkryss Fitjar sentrum
- Status flyktningararbeid
- Status helsesenter og LAR-senter.
- Uttale frå utval frå oppvekst og omsorg til formannskapet vedk. nytt helsesenter. Formannskapet drøfta saka, og korleis ein skal arbeida vidare. Formannskapet ber administrasjonen setja opp sak om helsesenter til neste møte for å få framdrift på dette.
- Brev vedk. honorar – U.off. jfr. Offl. § 13/Fvl. § 13.

Delt ut i møtet:

- Budsjettstatus – utfordringane er store. Rådmann Atle Tornes orienterte og svarta på spørsmål frå formannskapet. Ein del innsparingstiltak er allereie sett i verk, og fleire tiltak vurderast mot revidert budsjett.

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.